



NVE

Arkivsakid-doknr: 15/787-25 Saksh: Gunnar Elnan Arkivkode Dykkar ref. Dato:
Journalpostid: 21/5279 Telefon 53 67 3652 K2-S05 16.06.2021
:

Revisjon av konsesjonsvilkåra for Eidfjord - Nord kraftproduksjonsområde innspel til revisjonsdokument desember 2020

Eidfjord kommunestyre - 21/038:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Eidfjord kommune opprettheld sin uttale frå FSK-sak 17/127.

Eidfjord kommune saknar utgreidd effekt av klimaendringar og forventa auka nedbørmengder i vurdering av effekt på kraftproduksjonen og pålegg om moglege tiltak i vilkårsrevisjonen.

Manøvreringsreglementet må innehalda krav til vasslepp til Bjoreio for å optimalisera veksttemperaturen for laks- og sjøaureungar.

Det vert vist til saksutgreiinga for nærare grunngjeving.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Gunnar Elnan
Rådgjevar Drift og forvaltning

Andre mottakarar:
Marit Myklatun



Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Kopi til:
Statkraft SF

Kopi til arkiv og kopibok



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord kommunestyre	14.06.2021	21/038
Eidfjord formannskap	03.06.2021	21/086

Revisjon av konsesjonsvilkåra for Eidfjord - Nord kraftproduksjonsområde innspel til revisjonsdokument desember 2020

Dokument i saka:

Dok.dato	Tittel
25.03.2021	Høring av revisjonsdokument for Eidfjord Nord reguleringa og søknad om fortsatt drift av Tveitafoss kraftverk
30.04.2020	Rapport om habitat og vanndekt areal i Bjoreio
28.04.2020	Fiskebiologiske undersøkelser i Eidfjordvassdraget
21.02.2018	Revisjon av konsesjonsvilkåra for Eidfjord - Nord kraftproduksjonsområde, møte 14.02 møtereferat
13.12.2017	Revisjon av konsesjonsvilkåra for Eidfjord - Nord, innspel til vidare handsaming

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune opprettheld sin uttale frå FSK-sak 17/127.

Eidfjord kommune saknar utgreidd effekt av klimaendringar og forventa auka nedbørsmengder i vurdering av effekt på kraftproduksjonen og pålegg om moglege tiltak i vilkårsrevisjonen.

Manøvreringsreglementet må innehalda krav til vasslepp til Bjoreio for å optimalisera veksttemperaturen for laks- og sjøaureungar.

Det vert vist til saksutgreiinga for nærare grunngjeving.

03.06.2021 - Eidfjord formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FSK - 21/086 - Vedtak:

Eidfjord kommune opprettheld sin uttale frå FSK-sak 17/127.

Eidfjord kommune saknar utgreidd effekt av klimaendringar og forventa auka nedbørsmengder i vurdering av effekt på kraftproduksjonen og pålegg om moglege tiltak i vilkårsrevisjonen.

Manøvreringsreglementet må innehalda krav til vasslepp til Bjoreio for å optimalisera veksttemperaturen for laks- og sjøaureungar.

Det vert vist til saksutgreiinga for nærare grunngjeving.

14.06.2021 - Eidfjord kommunestyre

Røysting:

Samrøystes vedteke.

KST - 21/038 - Vedtak:

Eidfjord kommune opprettheld sin uttale frå FSK-sak 17/127.

Eidfjord kommune saknar utgreidd effekt av klimaendringar og forventa auka nedbørsmengder i vurdering av effekt på kraftproduksjonen og pålegg om moglege tiltak i vilkårsrevisjonen.

Manøvreringsreglementet må innehalda krav til vasslepp til Bjoreio for å optimalisera veksttemperaturen for laks- og sjøaureungar.

Det vert vist til saksutgreiinga for nærare grunngjeving.

Vedlagt: Revisjonsdokument

Desse har uttalt seg i saka:

Revisjonsdokument og rapportar er lagt ut til offentlig ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset, og gjort kjent på heimesida til kommunen. Det er høve å gje innspel til kommunen og direkte til NVE.

Vedtak skal sendast til: NVE

Endeleg avgjerd i: Kommunestyret

Saka gjeld:

NVE sender på høyring Statkraft sitt revisjonsdokument datert desember 2020. Samstundes sender NVE på høyring framlegg til konsesjon for Tveitafoss kraftverk. Tveitafoss kraftverk er eigd av Hardanger energi. Rådmann vel å leggja desse sakene fram samstundes da både sakene vedkjem vilkår i Bjoreio. Kommunen er beden å leggja til rette for lokal høyring.

Statkraft har arbeidd for å optimalisera dei biologiske vilkåra for laks og sjøaure i vassdraga som inngår i Eidfjord Nord-reguleringa. Det er nytta fagmiljø til

konsulentoppdrag for å dokumentera tilstand og gitt tilrådingar til moglege tiltak.

Kommunen har i prosessen gitt innspel til NVE i 2 tidlegare vedtak;

FSK - 16/024 - Vedtak:

Eidfjord kommune støtter krav om vilkårsrevisjon for Eidfjord-Nord anlegget og modernisering/ajourføring av konsesjonsvilkåra. Eidfjord bed

konsesjonsmyndigheita spesielt sjå på;

- *Oppdatering av utsettingspålegg og fiskeundersøkingar i vassdrag med anadrom laksefisk samordna med relevante tiltak i regional vassforvaltningsplan for Hordaland.*
- *Miljøbasert vassføring gjennom året tilpassa produksjon av laksefisk og omsyn til turisme.*
- *Fondskapitalen for felles Fiskefondet for Eidfjord og Ulvik vert auka for å kompensera for prisstigning.*
- *Tiltak i viktige fiskeproduseranse innlandsvassdrag for å motverka effekt av reguleringa.*
- *Villreinnemnda for Hardangervidda må høyrast i saka med tanke på villrein og trekkveggar for villrein.*
- *Andre naturlege tema å ta opp er forhold til friluftsliv/reiseliv, landbruk og forholda for grunnvatn i Simadalen.*

FSK - 17/127 - Vedtak:

Eidfjord kommune set følgjande krav til vilkårsrevisjon for Eidfjord-Nord anlegget og modernisering/ajourføring av konsesjonsvilkåra.

Eidfjord bed konsesjonsmyndigheita spesielt sjå på;

- g. *Oppdatering av utsettingspålegg og fiskeundersøkingar i vassdrag med anadrom laksefisk samordna med relevante tiltak i regional vassforvaltningsplan for Hordaland.*
- h. *Miljøbasert vassføring gjennom året tilpassa produksjon av laksefisk og omsyn til turisme. Dette må omfatta reglar for minstevassføring heile året, vurdering av fysiske tiltak i vassdraga for å optimalisera produksjon av smolt og moglegheit for fiske. Dette skal og gjelda for Simadalselva.*
- i. *Fondskapitalen for felles Fiskefondet for Eidfjord og Ulvik vert auka for å kompensera for prisstigning. Fondskapitalen vert heva til kr 1 000 000 og vert justert i takt med konsumprisindeksen anna kvart år.*
- j. *Tiltak i viktige fiskeproduseranse innlandsvassdrag for å motverka effekt av reguleringa. Her vert peikt spesielt på;*
 - 1. *tiltak for å redusera begroing i Isdalsvatnet og Skykkjedalsvatnet,*
 - 2. *betra moglegheit for oppvandring frå Bjoreio til Tinnhølen,*
 - 3. *betra moglegheit til bruk av båt på Sysenvatnet*
- k. *Dokumentera om reguleringa har effekt på villreinens trekk i området rundt Hardangerjøkulen og i konsesjonsvilkåra gi heimel til moglege tiltak.*
- l. *Andre tema å ta opp til vurdering;*
 - 1. *friluftsliv/reiseliv, vassdekt areal som landskapselement*
 - 2. *landbruk, vassdrag sin gjerdeeffekt for beitedyr, vassdrag som vatningsvatn*
 - 3. *grunnvatn i Simadalen, nærare dokumentasjon av Simadalselva sin betyding for grunnvatnet i dalen*

Vurdering:

Rådmann legg til grunn punkt i kommunens siste uttale og vil knyte kommentarar til

desse med grunnlag i høyringsdokumenta. Det vert og referert og kommentert innkomne innspel.

1. Oppdatering av utsettingspålegg og fiskeundersøkingar i vassdrag med anadrom laksefisk samordna med relevante tiltak i regional vassforvaltningsplan for Hordaland.

Frå Tiltaksprogram for Vestland vassregion 2022-2027, høyringsutgåve, vert teke inn;

I Eidfjord Nord er NVE i gang med å revidere vilkåra for reguleringskonsesjonane. I desse prioriterte vassdraga er slepp av minstevassføring eit aktuelt tiltak for å nå miljømålet, i tråd med nasjonale føringar for vasskraft. NVE har kalla inn Tveitafossen kraftverk i Eidfjord til konsesjonsbehandling, for at tiltak for å betre vassføring og temperatur i Bjoreio kan gjennomførast i samanheng med vilkårsrevisjonen i Eidfjordvassdraget.

Sentralt er minstevassføring i Bjoreio. Når det gjeld minstevassføring har Statkraft med hjelp av fagmiljø prøvd ut og kome fram til vassføringar for Bjoreio som skal sikra vassdekt areal av sentrale område i elva gjennom heile året. Fokus har vore på gyteområde og sikra vassdekking av desse. Tilsvarande er ikkje i same omfang gitt fokus i Simadalselva, men Statkraft vurderer no ei minstevassføring på 0,3 m³/sek målt ved Tveit vil sikra dei viktigaste gyte- og oppvekstområda. Vass-slepp via Skytjedalsvatnet vil og sikra ei lita vassføring i Skytjefossen som vil bidra til å oppretthalda naturtypen fossesprøytsone. Denne fossen har potensial til å vera viktig i turistsamanheng, noko Statkraft er usamd i. Mangel på vassføring har gjort det usikkert å bruka Skytjefossen i marknadsføringa.

2. Miljøbasert vassføring gjennom året tilpassa produksjon av laksefisk og omsyn til turisme. Dette må omfatta reglar for minstevassføring heile året, vurdering av fysiske tiltak i vassdraga for å optimalisera produksjon av smolt og moglegheit for fiske. Dette skal og gjelda for Simadalselva.

Statkraft har ikkje nemnt temperaturstyring i sitt forslag til endringar i manøvreringsreglementet. Sentralt her er vassstemperatur i vekstsesongen og vassføring. Dette er Statkraft og kjent med og har omtalt i revisjonsdokumentet, men vel altså ikkje å ta med i forslag til endringar i manøvreringsreglementet.

Når kommunen har peikt på miljøfaktorar, er spesielt nemnt fysiske tiltak for å optimalisera produksjonen av smolt og moglegheit for fiske. Kapasiteten ved Leiro kraftverk er ikkje fullt utnytta grunna for låg linjekapasitet. 3,9-4,8 MW inneber ei auke på 23%. Revisjonsdokumentet gir ikkje forklaring til kva denne auka inneber av vass-slepp via Leiro. I NVE si vurdering om Leiro kraftverk er konsesjonspliktig, vart det vist til LFI-Inifob, rapport nr. 136, kor det er peikt på negativ effekt av tapping av kaldt sumarvatn. Kaldt sumarvatn har negativ effekt på vekst for lakseungar i Bjoreio. Leiro kraftverk produserer på vatn slept frå tappeventil frå Sysendammen. Denne vert nytta for å oppretthalda krav til vassføring i Vørringsfossen i kombinasjon med slepp av vatn frå Storlia og via Isdalsvatnet. Slepp av vatn frå Storlia og via Isdalsvatnet har bidrege til høgare temperatur på anadrom

strekning i Bjoreio som er gunnstig for veksten til lakseungar spesielt. Oppgradering av linjenettet i Sysendalen har vore avgrensande for utnytting av kapasiteten til Leiro. Det er forståeleg at Statkraft av omsyn til å produsera mest energi ynskjer å utnytt Leiro kraftverk maksimalt. Dette vil kunne bety å redusera slepp av vatn via Isdalsvatnet og frå Storlia og ha som konsekvens kaldare vatn på sumaren i Bjoreio.

Ein er ikkje kjend med at det finst temperaturgradientmålingar for Sysenmagasinet, men normalt er det slik at i ein sumarsituasjon ligg det kaldaste vatnet (4C) mot botn. Ser ikkje at det er vurdert moglegheit for å tappe overflatevatn frå Sysendammen. Dette ville bidra til høgare vassstemperatur i Bjoreio og vera positivt for produksjon av laks- og aureungar.

Det same forholdet for vassstemperatur skildra i Bjoreio, vil og vera aktuelt for Simadalselva. Simadalselva har vore karakterisert som sjøaureelv, det betyr naturleg kald elv. Dette skuldast vasskjeldene til elva som er Rembesdalen og Skytjedalen. Ser det som lite ynskjeleg å tappa vatn frå Rembesdalen i forhold til Rembesdalsvatnet si funksjon som flaudemping som kommunen meiner er viktig. Utifrå dette står å sleppa vatn frå Skytjedalsvatnet som alternativ. Slepp via Skytjedalsvatnet vil vera eit positivt miljøbidrag for fossenaturen og attraksjonar i bygda.

Sikring av vassstemperaturen på anadrom strekning i vekstsesongen er viktig for å optimalisera vekstforholda for laks- og aureungar. Dette må sikrast i nye vilkår.

3. Fondskapitalen for felles Fiskefondet for Eidfjord og Ulvik vert auka for å kompensera for prisstigning. Fondskapitalen vert heva til kr 1 000 000 og vert justert i takt med konsumprisindeksen anna kvart år.

Dette punktet er ikkje kommentert av Statkraft. Kommunen meiner det er viktig å oppretthalda dette kravet. Ei kompensasjon for prisstigning er avgjerande for at intensjonen med fondet skal fungera. Intensjon med fondet er å kompensera for biologiske verknader av reguleringa som vilkår ikkje fangar opp.

4. Tiltak i viktige fiskeproduserande innlandsvassdrag for å motverka effekt av reguleringa. Her vert peikt spesielt på;

4. tiltak for å redusera begroing i Isdalsvatnet og Skykkjedalsvatnet

m. Utvikling i Skykkjedalsvatnet med groing har hatt ein parallell i Isdalsvatnet. I prøvofiskerapporten (LFI-Unofob, rapport nr. 154) er skildra problem med «tråforma grønalger fra gruntområda som legg seg på garn». Statkraft skriv i pkt. 4.7 om mogleg «begroingsproblem»; *Det er et begrenset problem og begroing kan skyldes mange ulike faktorer utenfor Statkraft sin kontroll.* Det var etablert massetipp i Isdalen og Statkraft var pålagt å vegetere denne. I mange år blei tippen prøvd vegetert med tilsåing og gjødsling med kunstgjødsel. Saman med mogleg avrenning frå dyrkingsareal i Isdalen, har gjødsling utan tvil bidrege til groing i Isdalsvatnet. Undersøkingar av vasskvaliteten i Isdalsvatnet utført av NIVA konkluderte med at redusert vatngjennomstrømming er hovudårsaka til auka begroing. I tillegg har dyrking i nærområdet til vatnet hatt verknad på vasskvaliteten.

- b. betra moglegheit for oppvandring frå Bjoreio til Tinnhølen
- c. betra moglegheit til bruk av båt på Sysenvatnet
- d. Dokumentera om reguleringa har effekt på villreinens trekk i området rundt Hardangerjøkulen og i konsesjonsvilkåra gi heimel

til moglege tiltak.

b. betra moglegheit for oppvandring frå Bjoreio til Tinnhølen

Eidfjord fjellstyre som forvaltar av fisket i statsallmenningen har engasjert seg i dette punktet. Det er jamnleg gjennomført prøvafiske i Tinnhølen og fjellstyret har vedteke å freda for fiske i øvste kulpen i Bjoreio. Dette er kulpen under dammen og fisketrappa. Fjellstyret har gått til dette steget med grunnlag i den situasjon at fisketrappa opplevast å vera eit vandringshinder for gytefisk som skal opp i Tinnhølen etter gyting og for ungfisk som skal vandra opp for beiting.

Så lenge det opplevast at «fiskens frie gang» er avgrensa ser fjellstyret behov for å styrka grunnlaget for hausting av auren i Tinnhølen. Det har årleg vore sett ut 1000-2000 einsomrig setjefisk i Tinnhølen. Konklusjonen frå prøvafiske viser følgjende resultat;

Utsatt aure representerer stor andel av fangsten i Tinnhølen. Samla for 2020 er 73% utsatt aure. Den utsatte auren bidrar til fangstutbytte i Tinnhølen.

Statkraft har i forslag til endringar i konsesjonsvilkåra poengtert at nedbørsfeltet til Tinnhølen vert teke inn i manøvreringsreglementet. Statkraft meiner ei modifisering av overløpsterskelen vil vere tilstrekkeleg. Generell erfaring med kunstig bygde tersklar er at dei har si avgrensa funksjon knytt til vassføring og temperatur. Ei utløpselv dimensjonert for å ta det meste av vassføringar, utan vandringshinder for auren, er langt å foretrekka. Prinsippet om biotopbetrande tiltak for å sikra naturleg rekruttering er ynskjeleg lagt til grunn i innlandsvassdrag framfor utsetjingar. Dette må vera vilkår dersom Tinnhølen skal vera del av manøvreringsreglementet.

c. betra moglegheit til bruk av båt på Sysenvatnet

Den høge reguleringshøgda for Sysenvatnet gjer det vanskeleg å utøva friluftsliv på vatnet. Sysenvatnet er stort og med fleire grunneigarar. Utnytting av eigedomane krev tilkomst som i mange tilfelle er naturleg med bruk av båt. Vatnet har og eit potensiale for fiske som ikkje vert utnytta til fulle. Tilrettelagt tilkomst for utsetting av båt vil betra vilkåra for dette.

d. Dokumentera om reguleringa har effekt på villreinens trekk i området rundt Hardangerjøkulen og i konsesjonsvilkåra gi heimel til moglege tiltak.

Villreinens tradisjonelle trekkveggar ligg fast så lenge det ikkje er etablert fysiske hinder som gjer dette umogleg. Dagens situasjon er at område der Sysenvatnet og dei andre reguleringsmagasina ligg i liten grad er nytta av villreinen. Men denne situasjonen kan endra seg. Omsynet til klimaendringar gjer og det viktig å ha areal tilgjengeleg for villreinen dersom denne skal overleva som art. Registrering av villreinens arealbruk, også historisk, i tilknytning til Eidfjord Nord-reguleringa er sentralt for om mogleg å gjera tiltak.

n. *Andre tema å ta opp til vurdering;*

1. friluftsliv/reiseliv, vassdekt areal som landskapselement
2. landbruk, vassdrag sin gjerdeeffekt for beitedyr, vassdrag som vatningsvatn.

3. grunnvatn i Simadalen, nærare dokumentasjon av Simadalselva sin betydning for grunnvatnet i dalen

Vassføringa i Storlifossen er godt synleg der elveløpet går over blankskurt fjell. Dette er eit landskapselement som er viktig for store delar av Sysendalen. For Storlifossen er det konsesjonen for Storlia kraftverk som regulerer minstevassføring for regulanten. På sumaren er det krav om minstevassføring på 100 l/sek.

f. landbruk, vassdrag sin gjerdeeffekt for beitedyr, vassdrag som vatningsvatn.

Vassføring mellom inntaket til Storlia kraftverk og Sjursløken er skildra å vera gjerde mellom eigedomar og for beitedyr. Landbruksnæringa slit med økonomien, ekstrakostnad med oppsetting og vedlikehald av gjerde er ikkje akseptabelt.

g. grunnvatn i Simadalen, nærare dokumentasjon av Simadalselva sin betydning for grunnvatnet i dalen

Geir Underhaug
rådmann

Elnan, Gunnar
sakshandsamar

Rett utskrift: